YM-plan Lægreidsflatane – revidert oppsummering av tiltak 2026

Sammendrag/konklusjon

Dokumentet *«Innspel til YM-plan» for Lægreidsflatane datert 2023-09-28, versjon J01»* er gjennomgått og revurdert med omsyn på ti ulike tema. Tilhøyrande aktuelle avbøtande tiltak for å sikra ivaretaking av det ytre miljø i anleggsfase og driftsfase er oppsummert i dette notatet.

Dei 10 aktuelle tema er

1. Støy og vibrasjonar
2. Luftforureining
3. Forureining av jord og vatn
4. Landskapskarakter
5. Friluftsliv og bygdeliv
6. Naturmangfald
7.Kulturarv
8. Klimagassar og energiforbruk
9. Material og avfallshandtering
10. Naturressursar

Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
J01	23.6.2026	For bruk.	TorLut	EdFed	TErik

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

1 YM-plan - oppdatering 2026

Det er utført ein fagvis gjennomgang av dei ulike tema frå dokumentet «*Innspel til YM-plan*» for *Lægreidsflatane datert 2023-09-28, versjon J01* (Norconsult Norge AS, 2023) som vart utarbeidd i forprosjektfasen. Det er gjort vurderingar av om der er skjedd endringar i prosjektskildringa, endringar i risikonivå for emnet, samt avbøtande tiltak. Denne gjennomgangen er utgangspunktet for tabellen under som listar opp oppdaterte tiltak for kvart tema. Tiltaka nyttast som input til konkurransegrunnlag for tema miljø.

Tema	Tiltak	Lagt til i beskrivelse
1. Støy og vibrasjonar	• Det skal gjerast vurdering av støyande aktivitetar i forkant av anleggsarbeid. • Dersom mistanke om overskridingar av grenseverdiar skal entreprenør gjer avbøtande tiltak for å redusere støy til akseptabelt nivå (f.eks. tidsavgrensningar for enkelte støyande arbeid).	☐
2. Luftforureining	• Det skal leggjast til rette for moglegheit for vatning/salting av mellomlagra massar i særskilte turre/vindfulle periodar. Dette gjeld også ved lasting og transport av massar. • Skjerming, reingjering, vatning, feiing av vegbanar og anleggsareal skal utførast ved behov.	☐
3. Forureining av jord og vatn	• Overskytande jord- og steinmassar frå anleggsarbeida reknast som næringsavfall om dei ikkje vert nytta innanfor tiltaksområdet eller kan gjenbrukast i anna godkjent tiltak i nærområdet (forutsett dei er ikkje-forureina). Dersom ikkje gjenbruk er mogeleg, skal massane leverast til godkjent avfallsmottak/deponi. • Siltgardin skal vurderast i fjorden i samråd med byggherre dersom avrenning via bekk i Vikedalen vert aktuell problemstilling. • Drivstofftankar og påfyllingsstader skal sikrast mot utslipp til grunnen ved at dei plasserast på fast dekke, eller med oppsamlingskar. Absorpsjonsmaterialer skal vere tilgjengeleg på påfyllingsstader og i maskiner. Uhell med spill av olje eller kjemikaliar og andre hendingar som kan skada miljøet skal registrerast og rapporterast. • Entreprenøren skal laga ein rigg- og marksikringsplan der ein planlegg og konkretiserer anleggsteknisk gjennomføring som også tek omsyn til miljø. Rigg- og marksikringsplan skal ta for seg ma. planlegging av område for lagring av massar, materiale, kjemikaliar og køyrety, samt omsyn til jordbruksområde. Den må innehalda tiltak for å unngå utslepp frå anleggsområdet, eksempelvis oppstillings- og riggområde for maskiner, uhellsutslepp m.v. Planen skal godkjennast av byggherre før oppstart. • Entreprenør skal utarbeide beredskaps-/varslingsplan for ytre miljø. Entreprenøren skal orientera alle eigne arbeidstakarar og underentreprenørar om planens plassering og innhald.	☐
4. Landskapskarakter	• Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan som skildrar korleis vegetasjon og terreng skal sikrast i anleggsfasen. Detaljerte planar for terrengbehandling og landskapsforming skal føreliggja. Planane skal gjere greie for eksisterande og nytt terreng og vegetasjonsbruk. Planen skal godkjennast av byggherre før oppstart. • Tilrådingar i notatet «Landskapsgrep Flomsikring Lægreidsflaten» (Norconsult Norge AS, 2024) skal følgjast.	☐
5. Friluftsliv og bygdeliv	• Husstandar og næringsområde (inkl. Eidfjord brannstasjon) som vert berørt skal sikrast tilkomst i heile anleggsfasen. • Det skal etablerast byggegjerde ved utsette deler av anleggsområdet /farlege skråningar eller område. • Det skal etablerast trafikkavviklingsplan i område der/om dette er aktuelt (særleg ved arbeid ved rv 7). • Sikre god dialog med grunneigarar i anleggsområdet ang. dyrehald og øvrige landbruksaktivitetar for å unngå konfliktar mellom anleggsarbeidet og kritiske gardsfunksjonar.	☐
6. Naturmangfald	• I Vikedalen skal mest mogleg av vegetasjon og stadlege murar bevarast. Jordsmonn som berørast skal leggast til sides og ein skal reetablere området i etterkant. • Tilrådingar i notatet «Landskapsgrep Flomsikring Lægreidsflaten» (Norconsult Norge AS, 2024) skal følgjast for å ivareta biomangfaldet i området.	☐

7.Kulturarv	• Entreprenør skal sikre at alle kulturminne vert uskadd i anleggsperioden ved å etablere fysisk avsperring av kulturminna, inkludert tilhøyrande sikingssoner (5 meter) som ikkje skal rørast. Dette vil verta påvist av byggherren. • Ved einkvar tvil om ein kjem i berøring med kulturminne skal graving stoppast og Vestland fylkeskommue kontaktast, jf. §8.2 i Kultuminnelova. • Det føreligg ein dispensasjon om at det ikkje trengs arkeologisk overvåking under graving.	☐
8. Klimagassar og energiforbruk	• Entreprenøren skal søke å fremja klimavenlege løysingar og innrette anleggsverksemd på ein måte som bidreg til å redusera miljøbelastninga og minimera klimagassutslepp. • Alle maskiner som vert brukt til utgraving ifm. tiltaket skal vera utstyrt med maskinstyringssystem for absolutt posisjonering, GNSS. • Alle dieseldrevne kjøretøy som skal nyttast i oppdraget skal ha Euroklasse VI/6 godkjenning. • Alle dieseldrevne anleggsmaskiner som skal nyttast i oppdraget skal ha minimum Steg 4 godkjenning. • Anleggsmaskiner som skal nyttast i oppdraget skal vera registrert i maskinregisteret. • Entreprenør skal ha eigne prosedyrar for å minimere forbruk av drivstoff og straum under anleggsperioden. • Tomgangskjøring på anleggsplass skal minimerast.	☐
9. Material-og avfallshandtering	• Stein- og jordmassar skal utnyttast som ressurs før deponering vurderast. • Rigg-og marksikringsplanen skal utarbeidast av entreprenør og skal sikre god massehandtering i prosjekt samt mellomlagring på planlagt riggområde. Det skal sikrast plass til mellomlagring av både reine og eventuelle ureina massar i påvente av eventuell gjenbruk i prosjektet. Planen skal godkjennast av byggherre før oppstart. Dette skal vere i tråd med ev. tiltaksplan forureina grunn som utarbeidast i etterkant av utført miljøteknisk grunnundersøking i tiltaksområdet. • Asfalt og andre material som fjernast skal handterast slik at gjenbruk/gjenvinningsandel er så høg som mogeleg. Skal asfalten gjenvinnast må den fresast opp, og kan ikkje leverast som flak. Det må føreligga dokumentasjon på kvar asfalt skal gjenbrukast. Det som ikkje vert gjenbrukt skal til godkjent mottak. • Entreprenør skal innhente, og på forespørsel kunne fremlegge miljødokumentasjon/miljøvaredeklarasjoner for alle byggematerial, herunder produksjonskjeda for stein til muring og knuste steinfraksjoner, som er benytta av entreprenøren. • Entreprenøren skal etablere tilfredsstillande system for vurdering av farlige kjemikaliar med sikte på substitusjon (utskiftning). Substitusjonsplikta inneber at alle som nyttar eller planlegg å nytte produkt med stoff som kan vera ein risiko for helse og miljø, har plikt til å vurdere om det er mogleg å nytte mindre farlige alternativ, jfr. produktkontrollovens § 3a.	☐
10. Naturressursar	• Prosjektet skal ha stort fokus på handtering av matjord. • Tiltak for rett handtering av matjord skal detaljerast ut i prosjektet sin rigg- og marksikringsplan som skal utarbeidast av entreprenør. Planen skal godkjennast av byggherre før oppstart.	☐